

## NETTLEIGETARIFFAR FRÅ 01.01.2018

Nettleige er det du betalar for å vera tilknytt straumnettet. Den skal dekkja kostnadane både i lokalnettet, regionalnettet og sentralnettet og sikra ei stabil og sikker straumforsyning. Desse kostnadane er hovudsakeleg knytt til investeringar, drift og vedlikehald, måling, fakturering, kundeservice og vaktberedskap.

Fjelberg Kraftlag SA er på vakt døgnet rundt, heile året, og er klare til å rykkja ut om det oppstår feil.

### Nettleige for forbrukarkundar frå 01.01.2018:

(Prisane er inkl. avgift til Enova med 1,0 øre/kWh, forbruksavgift på 16,58 øre/kWh og 25% mva.)

Kundegruppe:	Nett-nivå:	Tariff:	Grunnpris nettleige:	Energipris nettleige:		Merknader:
				Sommar 1.05 - 30.09	Vinter 1.1-30.4 / 1.10 - 31.12	
Hushald Fritidshus Naust m.m.	5	NH	2300 kr/år	Energi: 65,23 øre/kWh	Energi: 68,48 øre/kWh	Maks. Hovudsikring: 125A/230V 80A/415V

### Nettleige for vegljøs og byggje- og anleggstraum

(Prisane er inkl. avgift til Enova med 1,0 øre/kWh, og eks. forbruksavgift 16,58øre/kWh og 25 % mva)

Kundegruppe:	Nett-nivå:	Tariff:	Grunnpris nettleige	Energipris nettleige:	Merknader:
Vegljøs	5	NVM		Energi: 44,1 øre/kWh	Forbruk m/fotocelle: Effekt i kW x4000t Forbruk u/fotocelle: Effekt i kW x 8760t Kostnader med montasje og vedlikehald vert dekkja av kunden
Byggje- og anleggstraum	5	NA	1840 kr/år	Energi: 37,2 øre/kWh	Til og fråkopling: kr. 1600,-. Leige av skap kr.5,- pr. dag + mva.

### Ventetariff / leveringsplikt:

Alle nettkundar pliktar å velja seg ein kraftleverandør. Men netteigar har leveringsplikt og må levera kraft til dei kundar som ikkje har vald leverandør. Kraftlevering til desse kundane vert fakturert etter følgjande tariffar:

**Plikt 1: Kraftlevering frå veke 0 til veke 6 etter oppstart: Spot/innkjøpspris \*) + 5 øre/kWh + mva**

**Plikt 2: Kraftlevering frå og med veke 7 etter oppstart: Spot/innkjøpspris \*) + 9 øre/kWh + mva**

\*) gjennomsnitt områdepris per månad i spotmarknaden ref. Kvinnherad.

#### Bruk av nettet:

Anleggseigar/brukar må på førehand innhenta løyve frå netteigar for tilknytning av større apparat og motorar som kan valda skade eller vera til ulempe for netteigar eller andre nettkundar.

#### Fråkopling - tilkopling av anlegg.:

Dersom kundane ynskjer fråkopling av eit anlegg for kortare eller lengre tid må det, ved ny tilkopling, betalast eit påkoplingsgebyr på kr. 1000,- ekskl. mva.

#### Betaling og inkasso:

Ved for sein betaling vert det lagt til renter i medhald av lov om forseinka betaling. Ved utskriving av ekstra betalingsvarsel vert kunden belasta med eit purregebyr.

Dersom kraftleveringa til eit anlegg vert stengd på grunn av manglande betaling skal det, før ny tilkopling, betalast eit gebyr for frå- og tilkopling på kr. 1500,-. Om kunden ynskjer opning av stengd anlegg etter ordinær arbeidstid skal det betalast eit tilleggsgebyr på kr. 1000,- (Begge satsar er utan mva.)

**Avrekning av nettleige skjer etter "Forskrift om måling, avrekning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettenester" fastsett av NVE.**

**Ein syner elles til Energi Norge sine standardvilkår for tilknytning, nettleige og levering av elektrisk kraft og til energiverket sin standard nettleigekontrakt.**